

# Dei fyrste utvandrarane. Sunnfjord og Førde prestegjeld 1825 - 65

Av Harald Jarl Runde

I Bygdeboka for Naustdal finn ein fleire personar som i 1850/60-åra flytte til Kristiansand. Tilsvarande er det også i andre Sunnfjordbygder. Ingen av personane finn ein att i byen under folketeljinga i 1865. Passprotokollar og passasjerlister for Kristiansand før 1873 er komne vekk så langt eg har kunnskap om. Men det er rimeleg å tru at dei aller fleste drog vidare til Amerika, anten direkte frå Kristiansand eller over andre hamnebyar.

For Bergen finn ein passprotokollar for 1842 - 60 og emigrantprotokollar frå 1874. Prestane førde også lister over inn- og utflytte men ikkje alle brydde seg å melde frå når dei drog. Det er såleis rimeleg å tru at mange fleire enn dei som er nemnde på namn i bygdebøkene fann seg ein likare levestad i Vesterheimen.

Men folk flest i Sunnfjord drog ikkje til Amerika i 1850/60-åra. Dei drog heller til Kinn for å tene seg rike på "sild og fisk". Det er eit flyttemønster som varde heilt fram til silda brått vart borte på byrjinga av 1870-talet. Den store emigrasjonen til Amerika kom såleis høvesvis seint i gang, samanlikna med mange andre område.

## Innleiing

Fyrste emigrantfylgjet til Amerika drog av garde med sluppen **Restaurationen** frå Stavanger i 1825.




Så gjekk det over ti år før dei to neste skutene **Norden** og **Den norske Klippe** for, også frå Stavanger.

**Enigheden** segla av garde i 1837. Same året gjekk fyrste skuta frå Bergen,

*Bileta frå Norway Heritage, Sailing Ships.*

### **Restaurationen**

barken **Ægir** med 84 emigrantar om bord. Men ikkje alle av dei fyrste utvandrarane drog direkte frå Noreg, somme fylgde skuter frå Gøteborg, Hamburg, Le Havre eller andre hamnebyar.



### **Ægir**



### **Norden**

Amerikafararane skreiv brev heim. Ein av dei mest kjende brevskrivarane var Gjert Hovland (1794 - 1870) frå Stavanger. Foreldra kom frå Folkestadbygda i Askvoll (No Fjaler). Dei flytte til Bergen då Gjert var kring 13 år gammal, og seinare til Stavanger. Herifrå for Gjert til Amerika i 1831. Han skreiv brev heim og agiterte for utvandring. Brev vart skrivne av og vandra frå person til person og frå bygd til bygd og skapte den

fyrste "Amerikafeberen".

Gjert hadde også kontakt med slektningar heime i Askvoll og oppmoda dei om å reise. Men noko vidare førde det ikkje til: Ein huslyd frå Hyllestad (som då hørde til Askvoll prestegjeld) drog av garde i 1845, sidan nokre einskilde personar i 1850-åra.

Tyngda av utvandringa frå Sunnfjord kom fyrst i gang frå 1866, etter borgarkrigen i USA var til endes. Verknaden av *Homestead-lova* frå 1862 som gav 650 mål jord til odel og eige til alle som ville busetje seg og drive jordbruk, slo no ut for fullt. Like eins var det i resten av Norge. Det som karakteriserer flyttemønsteret for Sunnfjordbygdene i perioden, er heller den store vandringa eller "siget" av folk frå dalane og dei indre bygdene til kysten og øyane. Særleg har Kinn prestegjeld stor tilflytting, men også dels Bremanger, Ytre Holmedal (Fjaler) og Vevring sokn. I tillegg har ein den tradisjonelle flyttinga mellom kyrkjesoknene og ikkje minst, til Bergen. Den store emigrasjonen til Amerika kom høvesvis seint i gang, t.d. samanlikna med Sogn.

## **Sunnfjord**

Somme flytte kanskje fyrst til Bergen eller andre byar før dei drog til Amerika.

Kring 1827-28 drog jølstringen Bendik Nilsson Fluge til Bergen for å verve seg ved garnisonen. I skiftet etter faren i 1838 heiter det at han hadde reist til Amerika to år før. Kvar han vart av er uvisst. Bendik Nilsson Fluge var kanskje den fyrste sunnfjordingen som gjorde amerikanar av seg? Men i alle høve fekk han ikkje noko å bety for den seinare emigrasjonen frå Jølster, *den* tok til med Bendik Hegrenes. Ein bror av Bendik som hadde vorte gift og busett i Luster, hadde emigrert med heile familien i 1861. Tilskunda av dette drog Bendik og sonen Moses av garde året etter. Moses vart att medan Bendik var heimom og vart leiar for ein stor flokk på 82 personar i 1864.

Våren 1830 fekk også tre karar frå Indre Holmedal (Gaular) flytteattest for garnisonsteneste i Bergen. Ein av dei tre var den 21 år gamle Ludvig Olsson Skudalsnes.

Om bord i *Ægir* i 1837 var 84 passasjerar, dei fleste frå Hordaland. Men me finn også den 27 år gamle *L. Skudalsness*. Kan dette vere same karen som no hadde kome på tankar om å drage vidare til Amerika? Bygdeboka for Gaular fortel ikkje noko om dette. Her vert det sagt dei to fyrste som drog til Amerika var systrene Anna og Pernille Skagen, i 1849.

Faredag 1844 tok fire unggutar frå Angedalen utflytting til Bergen. Ein av dei var 19-åringen Elling Ludvigson Botnen. Kva slags teneste dei hadde fått seg og kva planar dei hadde, veit me ikkje. Men fem år seinare - i 1849 - finn me Elling att som den fyrste utvandrarar til Amerika frå Førde prestegjeld.

I prestegjelda Kinn og Bremanger - som var eit "tilflyttingsområde" - finn me ein huslyd som fekk flytteattest for Amerika i 1852. Så drog 2 - 3 einskildpersonar av garde 1864 - 65.

I Ytre Holmedal (Fjaler) prestegjeld, finn me ein einaste person som melder flytting til Amerika i perioden, i 1864. Ein person (1860) melde flytting til Kristiansand. For Kristiansand er ikkje utvandringslistene tekne vare på for det aktuelle tidsromet 1825 - 65, men truleg hadde vedkomande som mål å kome seg vidare til Amerika. Høvesvis mange melde også flytting til Bergen. Det er ikkje urimeleg at fleire av desse var "etappeutvandrarar" og drog vidare til Amerika på eit seinare tidspunkt.

## **Førde prestegjeld**

Før organisert utvandring over Bergen skaut fart, finn me høvesvis mange frå Førde prestegjeld som fekk flytteattest til Kristiansand. Den manglande dokumentasjonen gjer det vanskeleg å fylgje dei vidare. Det er rimeleg å tru at alle var Amerikafararar.

Under folketeljinga i 1865 finn me berre tre personar frå Førde prestegjeld i byen, eit par soldatar og pedellen ved ein skule. Ingen av desse er med på lista under.

Enno andre fekk kanskje flytteattest frå presten, men vart av ulike årsaker verande heime.

For tidsromet 1825 - 65 kan ein setje opp denne lista for Førde prestegjeld:

### **Naustdal sokn**

Jakob Oliver Nilsson Indrekvam 1859 Kr.sand  
Kristian Olsson Anddal 1859 Kr.sand eller Bergen. Busett i Bergen i fylgje folketeljinga 1875.  
Johannes Olsson Hove 1859 Kr.sand. Var kring 1866 gift og busett på Hove.

Johannes Andreas Martinson Helle 1860 Kr.sand

Andreas Kornelius Matiasson Berget 1861 Kr.sand

Andreas Eliasson Fitje 1864 Amerika. Drog visstnok ikkje av garde. Gift og busett på Åmot.  
Henrik Olsson Solheim 1864 Amerika  
Johannes Nilsson Hamre 1864 Amerika. Ukjend. Kan vere frå Hamar (Myklebust) i Jølster.  
Ole Andersson Stehogane 1864 Amerika  
Henrik Olai Rasmusson Bjørkedal 1864 Amerika

Sjur Andersson Furevik 1865 Amerika  
Marta Jonsdotter Furevik 1865 Amerika  
Anna Sophie Sjurdsdotter Furevik 1865 Amerika  
Ingeborg Sjurdsdotter Furevik 1865 Amerika  
Berte Malene Sjurdsdotter Furevik 1865 Amerika  
Johannes Sjursson Furevik 1865 Amerika  
Ole Martines Sjursson Furevik 1865 Amerika  
Mads Salomon Sjursson Furevik 1865 Amerika  
Anders Sjursson Furevik 1865 Amerika  
Familien kom frå Haus i 1844 og busette seg på Furevikstranda. Drog vidare til Amerika i 1865, unnateke dottera  
Gunhild som fyrst reiste i 1870.

### **Vevring sokn**

Bernt Martines Mortenson Åsen (Bjørkedalen?) 1860 Kr.sand  
Carl Larsson Vevring 1860 Kr.sand

Jakob Andreas Madsson Horne 1861 Kr.sand. Gift og busett på Horne i 1865.  
Anders Matias Pederson Horne 1861 Kr.sand. Gift i 1874 og busett på Horne.  
Nils Andreas Salomonson Apnaset 1861 Kr.sand  
Rasmus Henrik Kornelius Nilsson Apnaset (Ytre Ålen) 1861 Kr.sand

Ole Amundson Rørvik 1863 Amerika. Ukjend

### **Førde sokn**

Elling Ludvigson Botnen 1849 Amerika. Utflytt 1844 til Bergen.

Malene Olsdotter Bruland 1850 Amerika  
Fyrste registerte emigrant til Amerika frå Førde prestegjeld.

Johannes Andersson Erdal 1852 Amerika  
Andreas Andersson Erdal 1852 Amerika

Kristian Andersson Erdal 1853 Amerika

Rasmus Truls Torsson Bruland 1859 Kr.sand

Andreas Olaus Jonsson Hafstad 1860 Kr.sand. Ukjend  
Ole Martines Olsson Hornnes (Erdalsdal) 1860 Kr.sand  
Nils Ludvikson Hjelle 1860 Kr.sand. Ukjend

Moses Johanes Monsson Kusli 1861 Kr.sand. Ukjend

Andreas William Eliasson? Halbred 1861 Kr.sand (Ført under Ytre Holmedal). Ukjend

Gjert Olaus Larsson Erdal 1863 Kr.sand. I 1866 var han gift og busett i Erdal.

Henrik Martinus Bendikson Vie 1863 Kr.sand. Sidan gift og busett i Erdalsdalen.

Oliver Henrik Oliverson Halbred 1863 Kr.sand

Kristoffer Bendik Fasting 1864 Amerika

Ida Marie Andersdotter Erdal 1865 Amerika. Syster til dei tre Andersson-brørne.

Me ser at den fyrste ”verkelege” emigranten frå Førde prestegjeld var Malene Olsdotter Bruland. Ho fekk i 1850 flytteattest for å drage til Amerika. Men tradisjonen både her heime og der borte vil ha til at det var dei tre Andersson-brørne frå Erdalen, eit par, tre år etter. Dei skal ha fått påverkinga frå Voss. Dei mange vossingane i Chicago hadde gjort det godt. I 1848/49 skreiv dei fleire brev heim som oppmoda fleire om å kome etter, så ein slik samanheng er ikkje urimeleg.

Men det var fleire som fekk Amerikasykja, som dei kalla det. Frå soknene Naustdal og Vevring ser det ut til at utvandringa starta i 1859 med dei tre karane Jakob Indrekvam, Kristian Anddal og Johannes Hove. Men om dei to siste verkeleg drog av garde, er usikkert.

Fyrste ”familieutvandringa” var huslyden til Sjur Andersson på Furevikstranda i 1865. Sjur hadde kome frå Haus til Furevika i 1844. Garden på Stranda vart nok etter kvart for liten til brøføy ein veksande ungeflokk.

Ole Andersson Stubhaug som utvandra i 1864, kom heim att. Han selde så garden og saman med resten av huslyden på Stehogane drog han av garde til Amerika att. Dei nærmaste åra fylgde fleire og fleire frå soknene Naustdal og Vevring etter. *Det* skulle komme til å setje preg på samfunnet dei neste 60 åra.

#### **Kjelder og litteratur**

Bygdebøkene for Askvoll, Førde, Gaular og Naustdal.

<http://da2.uib.no/kyrkjeboker.htm> - Skanna kyrkjebøker.

<http://digitalarkivet.uib.no/> - Ein artikkel om emigrasjon frå Jølster. Folketeljingar.

<http://www.fylkesarkiv.no/> - Inn- og utflytte Sogn og Fjordane.

<http://www.naha.stolaf.edu/> - Ein artikkel av Leiv H. Dvergsdal om emigrasjon frå Sunnfjord.

<http://www.norwayheritage.com/ships/index-nor.asp> - Emigrasjonshistorie, emigrantskip og passasjerlister.